



# Solund kommune

Sentraladministrasjonen

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

**ArkivsakID:** 18/556    **JournalID:** 18/2796    **Arkivkode:** K1 - 202, K2 - L12    **Dykkar.ref**    **Dato:** 12.09.2018

## Søknad om refusjon av utgifter knytt til arbeidet med å lage reguleringsplan for bru over Ytre Steinsund

I samband med handsaming av budsjettvedtaket for år 2018, gjorde kommunestyret i Solund følgjande vedtak i k-sak 062/17:

19. *Det vert sendt søknad til Sogn og Fjordane fylkeskommune om refusjon av utgifter til reguleringsplan for Ytre Steinsund bru.*

**Solund kommune søker med dette Sogn og Fjordane fylkeskommune om å få refundert kr. 1.942.060,- som er dei kostnadane kommunen har hatt i samband med å få gjennomført reguleringsplanprosessen for prosjekt Bru over Ytre Steinsund.**

Solund kommune viser til at søknad om godkjenning av ferjeavløysingsprosjekt sette som vilkår at reguleringsplan måtte vere godkjend og kostnadsoverslag på +/- 10% måtte føreligge, for at endeleg søknad kunne sendast frå fylkeskommunen.

Solund kommune fekk våren 2017 tilbakemelding frå fylkeskommunen om at det ikkje var aktuelt å setje i gang reguleringsarbeid før realisering av prosjektet var vedteke.

I kommuneproposisjonen for 2018 vart ferjeavløysingsordninga endra, slik at det for prosjektet Bru over Ytre Steinsund vil medføre store ekstrakostnader for fylkeskommunen, dersom ikkje endeleg søknad kunne sendast innan 31.12.2017.

For å nå denne fristen, valde difor Solund kommune sjølv å ta kostnaden for planarbeidet, då ein såg at dette var einaste moglegheit til å kunne få på plass eit grunnlag for ein endeleg søknad.

Vi er kjende med at søknaden frå Fylkeskommunen har fått positiv tilråding frå Vegdirektoratet, men hadde rekna med ei avklaring frå departementet tidlegare på året. Sjølv om slik avklaring enda ikkje er komen, sender vi søknad no og ber om at kostnader med reguleringsplan vert innarbeidd i totalkostnad for prosjektet, slik som gjeldande praksis er.

Det vert elles vist til vedlegga som skildrar planprosessen, og som gjev oversikt over tidlegare fylkeskommunal handsaming av prosjektet og til vedlagde oversikt over kostnadane Solund kommune har hatt i samband med planprosessen.

Med helsing

Erik Askeland  
Administrasjonssjef

**Vedlegg:**

Vedlegg 1: Om planprosessen brusambandet Ytre Steinsund

Vedlegg 2: Oversikt over Solund kommune sine kostnader med planprosessen brusambandet Ytre Steinsund